

# HALVÅRSPLAN I NORSK

9. klasse - hausthalvåret 2020



Faglærer:  
Kjell-Helge Nordal

Læreverk: «Frå saga til  
CD» av Jensen og Lien,  
2007

Veke	Tema	Sidetal	Prøver/innlev.
<b>9B: Kapittel 1 – «Rett på sak»</b>			
34-39	<b>Lærestoff:</b> Å skrive sakleg Bruk av kjelder Oppbygging av ein artikkel Ordklasser	10-12 20-36	Kartlegging Carlsten
	<b>Læringsmål:</b> Etter denne perioden skal du kunne <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ forklare kva ein sakprega tekst er</li> <li>▪ forklare kva ei kjelde er</li> <li>▪ vite kva som skil pålitelege og upålitelege kjelder</li> <li>▪ forklare skilnaden på ein sakeleg og ein usakeleg tekst</li> <li>▪ forklare kva det vil seie at nokon har opphavsretten til ein tekst</li> <li>▪ lage ein disposisjon til ein artikkel</li> <li>▪ kjenne til og kunne nytte ulike måtar å innleie ein artikkel på</li> <li>▪ kjenne til det som skal vere med, og kunne skrive ein hovuddel i ein artikkel</li> <li>▪ kjenne til det som skal vere med, og kunne skrive ei avslutning i ein artikkel</li> <li>▪ ha oversikt over ordklassane</li> </ul>		Nasjonal prøve i lesing september
	<b>Arbeidsmåtar:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Individuelt arbeid</li> <li>▪ Arbeid i grupper</li> <li>▪ Tekstbehandling – IKT</li> <li>▪ Tavleundervisning</li> </ul>		Munnleg presentasjon
<b>Grunnleggande ferdigheit:</b> Å kunne skrive, munnlege ferdigheiter. <b>Kjerneelement:</b> Munnleg kommunikasjon og skriftleg kompetanse, språket som system og moglegheit			
<b>Veke 41 – HAUSTFERIE 😊</b>			

<b>9A: Kapittel 1 – «Levande bilete»/Samansett tekst</b>			
40-43	<b>Lærestoff:</b> Levande bilete Samansette tekstar	9-32 Eige hefte	Vi ser film  Fagsamtale om film  Innlevering/presen- tasjon samansett tekst
	<b>Læringsmål:</b> Etter denne perioden skal du kunne <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ å kjenne att, samtale om og vurdere verkemiddel i film</li> <li>▪ kjenne til ulike filmsjangrar</li> <li>▪ vite skilnaden på kategoriane dokumentarfilm og fiksjonsfilm</li> <li>▪ vite korleis filmen er oppbygd</li> <li>▪ kjenne att og skildre samansette tekstar</li> <li>▪ lære om estetiske verkemiddel og samspillet mellom dei i samansette tekstar</li> <li>▪ lage ein samansett tekst</li> </ul>		
	<b>Arbeidsmåtar:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Individuelt arbeid</li> <li>▪ Arbeid i grupper</li> <li>▪ Bruk av IKT</li> <li>▪ Tavleundervisning</li> </ul>		
<p style="color: #FFD700;"><b>Grunnleggande ferdigheit: Digitale ferdigheiter</b></p> <p style="color: #0000FF;"><b>Kjerneelement: Munnleg kommunikasjon, skriftlege tekstskaping</b></p> <p style="color: #008000;"><b>Tverrfagleg tema: Demokrati og medborgarskap</b></p>			
<b>9A: Kapittel 2 – «Mellom himmel og jord»</b>			
44-46	<b>Lærestoff:</b> Gje att hovudtrekk ved barokken og opplysningstida: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Noreg i oppgangstid</li> <li>▪ Barokken</li> <li>▪ Opplysningstida</li> <li>▪ Setningsanalyse</li> </ul>	56-57 58-74 76-98	Kreativ tekst
	<b>Læringsmål:</b> Etter denne perioden skal du <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ vite om oppgangstida for Noreg på 1500-talet</li> <li>▪ kjenne til særtrekka for kunstepoken barokken</li> <li>▪ kjenne til nokre kunstmålarar og komponistar frå barokken</li> <li>▪ kjenne til norske salmediktarar som - Thomas Kingo</li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Dorothe Engelbretsdotter</li> <li>- Petter Dass</li> <li>▪ kjenne til ideala for opplysningstida</li> <li>▪ vite korleis litteratur og musikk skulle vere i opplysningstida</li> <li>▪ kjenne til Ludvig Holberg og skodespelet «<i>Jeppe på Berget</i>»</li> <li>▪ kjenne til Johan Herman Wessel og nokre av dikta hans</li> <li>▪ meistre enkel setningsanalyse</li> </ul>		Prøve i veke 46
	<p><b>Arbeidsmåtar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Individuelt arbeid</li> <li>▪ Arbeid i grupper</li> <li>▪ Tekstbehandling, IKT</li> <li>▪ Tavleundervisning</li> <li>▪ Lesing av tekstar</li> </ul>		
<p><b>Grunnleggande ferdigheit: Ulike ferdigheiter</b>  <b>Kjerneelement: Tekst i kontekst</b></p>			
<p><b>9B: Kapittel 2 – «På livet laus»</b></p>			
47-50	<p><b>Lærestoff:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Gullalderen i norsk litteratur</li> <li>▪ Realismen og naturalismen</li> <li>▪ Drama som litterær sjanger</li> <li>▪ Novelle</li> <li>▪ Førebuing til tentamen</li> </ul>	<p>44-70 71-95 96-115 116-130</p>	
	<p><b>Læringsmål:</b> Etter denne perioden skal du</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ kjenne til diktarane Bjørnson, Ibsen, Kielland og Lie – og ha lese nokre utdrag frå verka deira</li> <li>▪ kunne samanlikne tekstar frå 1600 – 1700 talet med moderne tekstar</li> <li>▪ kunne gi att nokre hovudtrekk ved realismen og naturalismen som litterære periodar</li> <li>▪ kunne samtale om kvardagslivet til kvinner før og no med utgangspunkt i litterære tekstar</li> <li>▪ kjenne til oppbygginga og sjangertrekka i eit drama</li> <li>▪ kjenne til «<i>Et dukkehjem</i>» av Henrik Ibsen</li> <li>▪ kjenne til verkemidla i noveller</li> <li>▪ kunne reflektere rundt innhaldet i nokre noveller</li> </ul>		<p>Test</p> <p>Fagsamtale</p>
	<p><b>Arbeidsmåtar:</b></p>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Individuelt arbeid</li> <li>▪ Arbeid i grupper</li> <li>▪ Tekstbehandling, IKT</li> <li>▪ Tavleundervisning</li> <li>▪ Leseprosjekt</li> <li>▪ Responskriving – vurdering av rettskriving</li> </ul>		
<p><b>Grunnleggande ferdigheit:</b> Tekst i kontekst, kritisk tilnærming av tekst.  <b>Kjerneelement:</b> Å kunne lese</p>			
<p>Veke 48 – TENTAMENSPERIODE</p>			
50-51	<p><b>Attgjeving og retting av tentamen</b></p> <p><b>Arbeid i norskmappa</b></p>		
<p>Veke 52 – JULEFERIE 😊</p>			

## Vurderingskriteria i norsk

Forenkla ut frå fagplanen i Kunnskapsløftet

### Vurdering i munnleg norsk:

Eleven si kommunikative kompetanse i munnleg norsk blir vurdert utifrå kva grad av måloppnåing han/ho viser innan følgjande hovudområde:

- evne til å forstå skrift og tale
- evne til å uttrykkje seg munnleg i ulike situasjonar
- kvaliteten på eleven sitt passive og aktive ordtilfang
- kunnskap om norsk kultur, litteratur og tradisjon
- evne til å formulere og presentere ei munnleg framstilling
- evne til å reprodusere kunnskap, resonnerer og drage grunngjevne konklusjonar
- evne til å tolke og reflektere på sjølvstendig grunnlag

### Vurdering i skriftleg norsk:

Eleven si kommunikative kompetanse i skriftleg norsk blir vurdert utifrå kva grad av måloppnåing han/ho viser innan følgjande hovudområde:

- evne til å uttrykkje seg skriftleg, tilpassa ulike sjangerkrav/stilkrav, med omsyn til
  - *innhald* – relevans i høve til oppgåve, bruk av litterære verkemiddel, m.m.
  - *struktur* – oppsett, tekstbinding, teiknsetjing, bruk av strukturelle verkemiddel, m.m.
  - *språkleg dugleik* – ordtilfang, rettskriving, bruk av idiom, syntaks, m.m.

- evne til å presentere eit tema skriftleg
- evne til å reprodusere kunnskap, resonnerer og drage grunngevevne konklusjonar i skriftleg framstilling
- evne til å tolke og reflektere på sjølvstendig grunnlag i skriftleg framstilling

### Formell og uformell vurdering:

Eleven vil gjennom kvar termin få formell og uformell vurdering av grad av måloppnåing på alle desse områda, gjennom

- *skriftleg vurdering* etter alle skriftlege og munnlege prøver, presentasjonar og innleveringar. Vurderinga skal vere utviklingsretta
- *munleg vurdering* blir gitt i timar og elevsamtalar. Vurderinga skal vere utviklingsretta
- *eigenvurdering* – eleven får også sjølv trening i å vurdere egne tekstar og presentasjonar
- i tillegg vil ein på *samtalemøte* gi både *skriftleg og munnleg tilbakemelding*, samt opne for diskusjon *rundt eleven si faglege utvikling*. Vurderinga skal vere utviklingsretta

### Grad av måloppnåing:

I vurderinga av eleven i høve til desse kriteria, viser ein til *nivå* utifrå grad av måloppnåing etter følgjande nasjonale standard:

- låg måloppnåing: karakterane **1-2**
- middels måloppnåing: karakterane **3-4**
- høg måloppnåing: karakterane **5-6**

## Kjenneteikn på måloppnåing i norsk

Karakter	Kjenneteikn på måloppnåing elevtekstar (skriftleg)
<b>6 og 5</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Teksten er <b>relevant</b> i forhold til oppgåveformuleringa.</li><li>• Oppgåve er <b>veldisponert</b> og har god innleiing, avslutning og relevant avsnittsdeling.</li><li>• Teksten følgjer <b>sjangerkrava</b> og utnyttar det typiske for sjangeren godt.</li><li>• <b>Setningsbindinga</b> er god og variert.</li><li>• <b>Formuleringar</b> av setningar er gode.</li><li>• Uvanleg godt og relevant <b>ordforråd</b>.</li><li>• Det er ingen eller svært få <b>formelle feil</b>.</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innhaldet <b>utmerkar seg</b> med refleksjon, forståing og kreativitet.</li> <li>• For å få den beste karakteren må teksten <b>skilje seg tydeleg ut</b> frå det ein vanlegvis forventar frå jamgamle elevar.</li> <li>• Må kunne bruke kjelder på ein <b>sjølvstendig</b> måte, og oppgjie <b>nøyaktig</b> dei kjelder som er brukte.</li> </ul>
<b>4</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Teksten er for det meste <b>relevant</b> i forhold til oppgåveformuleringa.</li> <li>• Oppgåve er stort sett <b>veldisponert</b> med forsøk på innleiing, avslutning og grei avsnittsdeling.</li> <li>• Teksten må ha fleire relevante <b>sjangertrekk</b>.</li> <li>• <b>Setningsbindinga</b> er stort sett god.</li> <li>• <b>Setningsformuleringa</b> er stort sett god.</li> <li>• <b>Språket</b> må vere litt variert.</li> <li>• Nokre <b>formelle feil</b>, få <b>systemfeil</b>.</li> <li>• Teksten må ha eit visst <b>personleg preg</b>/innslag av <b>kreativitet</b>.</li> <li>• Eleven må vise at han kan <b>bruke</b> og <b>gje opp</b> kjelder.</li> </ul>
<b>3</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Teksten kan vere enkel, men innhaldet er stort sett <b>relevant</b>.</li> <li>• <b>Sjangeren</b> kan kjennast att.</li> <li>• <b>Språket</b> er enkelt, men forståeleg.</li> <li>• Ein kan godta ein del <b>formelle feil</b> og <b>systemfeil</b>.</li> <li>• Teksten må ha eit visst <b>personleg preg</b>/innslag av <b>kreativitet</b>.</li> <li>• Eleven må vise at han kan <b>bruke</b> og kan <b>gje opp</b> kjelder</li> </ul>
<b>2</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Teksten må ha ein viss <b>samanheng</b>, men kan vere mangelfull i forhold til <b>oppgåveformuleringa</b>.</li> <li>• <b>Språket</b> er enkelt, men stort sett forståeleg.</li> <li>• Ein kan godta ganske mange <b>formelle feil</b> og <b>systemfeil</b>.</li> <li>• Eleven viser at han <b>prøver å gje opp</b> kjelder.</li> </ul>
<b>1</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Manglande oppmøte eller innlevering.</li> <li>• Teksten er uforståeleg eller har ingenting med oppgåva å gjere</li> </ul>

**Systemfeil:** Feil som ofte dukkar opp i ortografi og grammatikk, i motsetnad til "slengarar" som berre dukkar opp no og då i ei tekst som elles har bra ortografi.

<b>Karakter</b>	<b>Kjenneteikn på måloppnåing i norsk munnleg</b>
<b>5 og 6</b>	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser god eller stor grad av modenheit og evne til å kunne reflektere.</li> <li>• Viser evne eller stor evne til å opptre lyttande i samarbeidssituasjonar.</li> <li>• Gjev relevant og konstruktiv respons.</li> <li>• Er gjennomtenkt og grunngeveiningane sine tydeleg.</li> <li>• Er ein levande forteljar og formidlar av eige og andre sitt stoff gjennom ulike framføringar og dramatiseringar.</li> <li>• Har godt og variert ordforråd.</li> <li>• Kan tolke ei tekst og finne indirekte informasjon.</li> <li>• Er mottakarmedviten.</li> <li>• Meistrar høgtlesing med innleving og flyt.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser kunnskap og forståing i fagstoff . For beste karakter utover det ein vanlegvis forventar frå jamgamle elevar.</li> </ul>
<b>4</b>	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser evne til å vere sakleg.</li> <li>• Er lyttande i samarbeidssituasjonar.</li> <li>• Deltok i diskusjonar.</li> <li>• Har eigne synspunkt, men viser varierende evne til å grunngje dei.</li> <li>• Er ein god forteljar og formidlar av eige og av andre sitt stoff i ulike framføringar.</li> <li>• Har godt ordforråd.</li> <li>• Kan til ei viss grad tolke ei tekst.</li> <li>• Er ein flink lesar.</li> <li>• Har rimeleg god innsikt og forståing i fagstoff og litteratur.</li> </ul>
<b>3</b>	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjev nokre gongar relevant respons.</li> <li>• Har eigne synspunkt, men viser lite evne til å grunngje dei.</li> <li>• Viser varierende fagleg innsikt.</li> <li>• Er noko usikker i forteljing og formidling i ulike framføringar.</li> <li>• Er ein ujamn lesar.</li> </ul>
<b>2</b>	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser sjeldan engasjement.</li> <li>• Gjev ikkje konstruktiv respons.</li> <li>• Deltok sjeldan i diskusjonar.</li> <li>• Har lite fagleg innhald i munnlege ytringar og framføringar.</li> <li>• Er ein usikker lesar.</li> </ul>
<b>1</b>	<p>Eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjev ikkje konstruktiv respons.</li> <li>• Viser ingen interesse for faget.</li> <li>• Deltok ikkje i diskusjonar og framføringar.</li> <li>• Er ein svært dårleg lesar.</li> </ul>

Myklebust barne- og ungdomsskule

*Skulle noko av dette framleis vere uklart, ver venleg å ta kontakt med faglærar.*

*Myklebust skule, september 2020*